

Konsekvensutgreiingsprogram for utbygging av Jordbærprospektet

Fylkesrådmannen rår hovudutval for plan og næring til å gje slik fråsegn: Hovudutvalet rår fylkesutvalet til å gjere slikt vedtak:

Sogn og Fjordane fylkeskommune legg til grunn at framlegg til utgreiingsprogram supplert med kommentarar frå relevante faginstansar, vil sikre at viktige miljø- og fiskerifaglege spørsmål vil bli handtert på ein tilfredsstillande måte. Spørsmål om samfunnsmessige verknader er derimot stemoderleg handsama i framlegget, og fylkeskommunen vil konsentrere fråsegna rundt dette gjennom følgjande kommentarar:

Sogn og Fjordane fylkeskommune etterlyser ei grundig drøfting av samfunnsmessige ringverknader i konsekvensutgreiinga. Ilandføring, elektrifisering, driftsorganisasjon og forsyningsbase/lager/verkstad er sentrale stikkord for forventningar frå Sogn og Fjordane i samband med nye utbyggingar utanfor fylket, og desse må alle få ein sentral posisjon i den vidare analysen.

Ilandføring har opplagte lokale effektar, både i utbyggings- og i driftsfasen. I Hordaland er det etablert tre ilandføringslokalitetar, mens talet i Møre og Romsdal er to. Sogn og Fjordane har ikkje ilandføring, og vår grunnleggjande posisjon er at ved nye utbyggingar (som Jordbær) må potensialet for ilandføring til fylket som eit minimum greiast ut, slik at politisk nivå får eit seriøst grunnlag for å vurdere potensialet.

Elektrifisering er også eit viktig element i forhold til utvikling av sentral fysisk infrastruktur. Det må vere ein ambisjon å elektrifisere Jordbærfeltet, og det må i dette arbeidet takast utgangspunkt i at krafta skal hentast frå Sogn og Fjordane. Vi ber om tidleg involvering av regionalt nettselskap.

I den politiske plattformen til sittande regjering, er det mellom anna vist til at lokalisering av driftsorganisasjonar er eit viktig verkemiddel for å få til kompetansearbeidsplassar og næringsutvikling lokalt. Sogn og Fjordane fylkeskommune ber om at operatøren greier ut korleis ein driftsorganisasjon i Florø vil bli utvikla, og at det i denne samanheng vert teke utgangspunkt i ambisjonar minst på nivå med planane for Goliat (jf. St.prp. nr. 64 (2008-2009)).

Vi ber også om at operatøren gjer greie for korleis dei vil leggje til rette for leverandørindustrien i fylket.

Florø er godt etablert som forsynings- og helikopterbase og som stad for lagring og vedlikehald av utstyr, deriblant avansert subseautstyr. Jordbær ligg slik plassert at Florø uomtvisteleg er næraste base. Likevel har leiteboringa så langt blitt forsynt frå Hordaland. Vi ber om at operatøren gjer greie for kva aktivitet vidare utforsking i området og utbygging og drift av Jordbærfeltet vil tilføre.

Prenta vedlegg:

Sjølve KU-framlegget (utdrag av høyringsdokumentet, jf. uprenta vedlegg)

Uprenta vedlegg:

Saksbehandlar: Audun Erik Sunde
Avdeling: Regionalavdelinga

Sak nr.: 09/4986-3

Forslag til konsekvensutredningsprogram for utbygging av Jordbær prospektet


Saksframstilling

Bakgrunn

Program for konsekvensutgreiing er sendt på høyring med 28. desember som frist for fråsegn. Sogn og Fjordane fylkeskommune er mellom høyringsinstansane.

BG Norge AS er operatør for olje- og gassfeltet Jordbær (PL 373S) i nordre del av Nordsjøen. Feltet ligg i blokk 34/3, lokalisert ca 60 km nordaust for Snorre B og ca 110 kilometer frå land. Operatøren eig 45 prosent av lisensen. Andre lisenspartnarar er Idemitsu Petroleum Norge AS (25 %), Wintershall Norge ASA (20 %) og RWE Dea Norge AS (10 %).

Operatøren arbeider med planar for utbygging av feltet. Planane tek utgangspunkt i funn i brønnane 34/3-1 S og 34/3-1 A (jf. kart frå pressemelding frå Oljedirektoratet).



Om prosjektet og prosess fram mot godkjenning

Konsekvensutgreiing er ein obligatorisk del av plan for utbygging og drift (PUD) og operatøren har utarbeidd forslag til program for konsekvensutgreiing for utbygging av Jordbær. Forslaget omtalar forhold som vil bli sett lys på i konsekvensutgreiinga. Følgjande overskrifter syner overordna struktur for dokumentet: Planar for utbygging og drift, omtale av naturressursar og ressursutnytting, utslepp til luft, utslepp til sjø, akutte utslepp til sjø, konsekvensar ved arealbeslag og fysiske inngrep, samfunnsmessige konsekvensar.

Olje - og energidepartementet fastset endeleg program for konsekvensutgreiing på bakgrunn av forslaget, innkomne fråsegner og korleis desse er handtert av operatøren. På grunnlag av fastsett utgreiingsprogram gjennomfører operatøren konsekvensutgreiing som del av PUD eller PAD (plan for anlegg og drift). Konsekvensutgreiinga vil bli sendt på tilsvarende høyring som utgreiingsprogrammet.

Investeringsramma til prosjektet er førebels estimert til 13 milliardar NOK. Terskelverdien for handsaming i Stortinget er 10 milliardar NOK.

Det er sett opp slik førebels tidsplan for vidare prosess:

Forslag til utredningsprogram sendt på høyring	medio september 2009
Høyring av utgreiingsprogrammet	september – medio desember 2009
Handsaming av kommentarar	medio desember 2009
OED fastset endelig utgreiingsprogram	medio desember 2009
Utarbeiding av konsekvensutgreiing	september - desember 2009
Innsending av konsekvensutgreiing	ultimo desember 2009
Høyring av konsekvensutgreiing	januar - februar 2010
Innsending av PUD	februar - mars 2010
Godkjenning i OED	mai - juni 2010
Oppstart produksjon	4. kvartal 2012

Det vart i 2008 bora to brønner i lisensen, brønnane 34/3-1 S og 34/3-1 A. Det vart primært påvist olje, førebels berekna til 11 mill Sm³ oljeekvivalentar. Det er til no ikkje bora fleire brønner i lisensen. Boring av ny brønn har starta i desse dagar, og ytterlegare ein brønn er på plan på nyåret.

Operatøren skriv at dei vil gjere konseptval i 2009. Desse alternativa vil bli studerte:

- Alternativ 1: Frittstående produksjonseining (FPSO – flytande produksjons- og lagerskip). Gasseksport gjennom rørleidning, oljeeksport ved bruk av skytteltankar
- Alternativ 2: Plattform med boretårn. Gasseksport gjennom rørleidning, oljeeksport gjennom rørleidning eller skytteltankar som lastar på feltet.
- Alternativ 3: Plattform utan boretårn. Gasseksport gjennom rørleidning, oljeeksport gjennom rørleidning eller skytteltankar som lastar på feltet.
- Alternativ 4: Undervassutbygging med tilknytning til eksisterande infrastruktur.

Lisensen har kontakta dei tre næraste felta, Visund, Gullfaks og Snorre for å diskutere mogleg eksport av olje frå Jordbær gjennom ei av disse plattformene, men ingen av desse har høve til å kunne ta imot olje frå Jordbær. Fjerde utbyggingsalternativ synest difor mindre aktuelt, i alle fall om oljeeksporten skal rutast mot desse plattformene.

Det vil for alle alternativ bli vurdert kraftforsyning frå land eller anlegg for fornybar energi ombord på rigg/FPSO for å supplere dei tradisjonelle gasturbinane.

Utbygginga vert designa for ei levetid på minimum ti år.

Samfunnsmessige verknader skal omtalast i ei konsekvensutgreiing. I KU-programmet skriv operatøren:

- Investeringa er kostnadsrekna til 13 milliardar NOK. Nivået vil vere avhengig av utbyggingsløyning og vidare funn. I konsekvensutgreiinga vil investeringskostnadene til utbygging av Jordbær bli nærare spesifisert, og samanlikna med planar for andre utbyggingsprosjekt på norsk sokkel.
- Drift av Jordbær er planlagt sett vekk til operatøren av installasjonen med eit BG kjerneteam i Stavanger. Dette med unntak av undervassdelen, eksempelvis brønnvedlikehald. Det kan likevel bli behov for rekruttering av bemanning for offshoreorganisasjonen.
- Det vert planlagt ein driftsorganisasjon for Jordbær hjå BG Norge i Stavanger. Det vil då vere aktuelt med ein mindre auke av bemanninga ved kontoret.


- Feltet vil ikkje krevje nye ilandføringsløysingar og vil difor ikkje ha direkte lokale eller regionale verknader i særleg omfang.

Vurdering

Eit hovudankepunkt mot framlegg til program for konsekvensutgreiing er at verknader for lokalsamfunnet er svært lite påakta.

Med ei estimert investering på 13 milliardar NOK, kan Jordbær ved første augekast sjå ut til å bli ei relativt lita utbygging. Det kan vere verdt å merke seg at operatøren tek atterhald i forhold til vidare funn og utbyggingsløysing.

Det er så langt berre bora to brønner på Jordbærstrukturen. Den eine brønnen er eit sidesteg til den første. Operatøren er i desse dagar i gang med ein ny brønn i området, og ytterlegare ein brønn er planlagt på nyåret. Andre deltakarar i lisensen har gitt uttrykk for at det bør borast fire til seks brønner for å kartlegge lovande strukturar i området (jf. figur som syner nokre av desse). I forhold til vidare feltutforskning, synest KU-prosessen å vere sett i gang uvanleg tidleg til norsk sokkel å vere.



Potensialet for eit vesentleg større prosjekt, både i ressursgrunnlag og i investeringar, er difor i høgste grad til stades.

Operatøren skriv at det er planlagt ein driftsorganisasjon for Jordbær hjå BG Norge i Stavanger, og at det då vil vere aktuelt med ein mindre auke av bemanninga ved kontoret. BG Norge opererer i dag ikkje felt i drift på norsk sokkel. Det står att å sjå kva organisatorisk vekst Jordbær vil medføre. Det finnest i alle fall erfaringar (ref. t.d. veksten hjå GdF Suez E&P Norge i samband med utvikling av Gjøafeltet) som syner at oljeselskap veks vesentleg når dei skal starte med drift av felt i eigen regi.

I politisk plattform for sittande fleirtalsregjering utgått av Arbeidarpartiet, Sosialistisk Venstreparti og Senterpartiet for perioden 2009 – 2013 står mellom anna følgjande i *kapittel 13 – Energipolitikk*:

”Regjeringen vil:

- Legge til rette for en innovativ leverandørindustri. Det er et mål at nye prosjekter skal gi regionale ringvirkninger ved at de bidrar til næringsutvikling og arbeidsplasser lokalt/regionalt, blant annet gjennom lokalisering av driftsorganisasjonene. Særlig viktig er det å satse på kompetansearbeidsplasser lokalt.
- Fortsette arbeidet med å legge til rette for økt bruk av gass i Norge. Sammen med Gassco, aktørene på norsk sokkel og industrielle aktører vurdere ilandføringsløsninger og industriell

bruk av gass når dette er et alternativ. Hindre at bruk av gass til energiformål utkonkurrerer mer miljøvennlige alternativer.

- Intensivere arbeidet med utslippsfri kraft. Med bakgrunn i tekniske, økonomiske og forsyningsmessige forhold skal kraft fra land/utslippsfri kraft vurderes ved nye utbygginger og større utviklingsprosjekter.”

Konklusjon

Plandokumentet vert presentert i ein tidleg feltutviklingsfase. Prosjektet kan sjå relativt lite ut, men det er mange teikn som tyder på at dette kan vekse monaleg under vegs.

Med bakgrunn i den stemoderlege handsaminga av samfunnsmessige verknader i framlegg til KU-program, og at andre instansar normalt har sterkt fokus på miljømessige forhold m.m., er det relevant å konsentrere fylkeskommunal fråsegn rundt det som gjeld samfunnsmessige verknader.